

Avtale

Mellom Åsne og Søndre Tesdal Rødland, Bergsdalen, 5722 Dalekvam

og

Søreplassen ved Rykkje Grunneigarlag, 5610 Øystese

for vintervedlikehald av Søreplassen, Grønestad.

Tidspunkt:

Parkeringsplassen skal vera rydda for snø innan kvar torsdag kl. 12.00, torsdag til søndag v/behov. Plassen skal vera rydda i vinterferien til brukarane og i påskehelga (frå torsdag før palmehelga til andre påskedag). Rydding utover dette tidsrommet kan avtalast direkte med brøytar:

Søndre Tesdal Rødland tlf.nr: 992 94 165

Kjetil Rødland tlf.nr: 911 79 771

Sone inndeling:

Plassen er delt inn i 3 soner; A, B og C. **Sjå kart!** Sone A skal vera rydda heile vinteren. Sone B frå om lag 10. februar (til vinterferien). Sone C skal ryddast til torsdag før påskeveka. Båtplassen skal ikkje ryddast for snø. Soneinndelinga kan i avtaleperioden endrast etter behov. Sone B og C skal ved store snøfall grovryddast.

Plassering av snø/brøytetikker/strøing:

Brøytar er ansvarleg for oppsetjing/nedtaking av brøytetikker. Brøytar pliktar å gjera seg kjend med utforming av plassen og terreng kring. Plassen skal ryddast godt ut til kantane. Snø kan plasserast på båtplassen. Avkøyring og vegen ned til plassen kan ved behov strøast av brøytar.

Kostnad/faktura:

Prisen er sett til kr 800,- + mva pr. time for traktor m/utstyr. Faktura m/timeliste skal sendast til Rykkje Grunneigarlag ved leiar dersom ikkje anna er avtalt. Faktura frå haust til og med januar vert sendt i februar. Faktura for dei resterande månadane vert sendt etter endt brøytesesong.

Avtaletid/oppseiing:

Avtalen har ei varigheit frå underteikning til 1. januar 2023, med rett til fornying. Ved misleghald kan avtalen gjensidig seiast opp med 3 månadars oppseiingstid.

Gjennomføring/praksis:

Avtalen skal gjennomførast med godt skjønn og praktiserast slik at brukarane får ei god parkering til fornuftig kostnad.

Avtalen skal gjerast kjend for brukarane av Søreplassen.

Bergsdalen/Øystese den 1.januar 2017

Sondre og Åsne Tesdal Rødland
Brøytar

for Søreplassen
--leiar Rykkje Grunneigarlag--

Ernst Rykkje

